

**ALVER**

KOMMUNE

Landbruk

Bjørnar Floen
5939 SLETTA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2995 - 20/16566

Saksbehandlar:

Øystein Hafnor Kolstad

oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:

26.03.2020

Landbrukssak Gbnr 499/9 Ystebø - Svar på søknad om nydyrking

Saksutgreiing:

Det vert synt til søknad om nydyrking, motteke 18.12.2019

Dokument i saka:

- Søknad om nydyrking m/kart 1:3000, motteke 18.12.2019
- Uttale frå fylkesmannen i Vestland, motteke 03.02.2020

Saka gjeld:

Bjørnar Floen søker om nydyrking på eigedom 499/9 Ystebø. Teigane er på ca 80daa til saman. Området består av myr og er elles omkransa av skog, myr, beite og utmark. Søkar har i dag mjølkeproduksjon med påsett. Garden og anna areal som søkar nyttar ligg i nærleiken og det nye området vil såleis verta ein god ressurs. Om ein ser fram i tid vil det nye arealet kunne produsera mykje grovfør i nærleiken av driftsbygningen og i samanheng med auka fokus på matproduksjon i Noreg og nytta lokale ressursar er prosjektet særst positivt.

Lovverk: Saka skal handsamast etter forskrift om nydyrking.

Vurdering:

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar. I det siste har også dette med klimagassutslipp knytt til nydyrking av myr vorte problematisert.

Tiltaka som her er søkt om gjeld areal på nesten 80daa. Ved nydyrking på areal større enn 50daa skal ein vurderer om arealet treng konsekvensutgreiing. Då det ikkje er eit areal som er større enn 50 daa i søknaden og dei ulike areala er allereie delt opp med driftsvegar samt ulike gards og bruksnummer vurderer kommunen at ei konsekvensutgreiing ikkje er nødvendig. Som tidlegare omtalt har saka vore på høyring til regionale kulturmynde. Fylkeskommunen gav ikkje tilbakemelding og Fylkesmannen sin uttale ligg ved.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Området er elles omkransa av skog, myr og beite og øydelegg såleis ikkje noko andre viktige naturtypar.

Ved nydyrking skal det settas igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skillar seg tydeleg frå omgivelsane. Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

Ved sjøgrensa bør ein vurdere ulike tiltak for å sikra avrenning. Både kommunen og rådgjevingstenestane kan bistå med informasjon om ynskjeleg.

Konklusjon: På bakgrunn av dei fakta og vurderingar som ligg føre gjev ein søkjar løyve til nydyrkinga på gbnr 499/9 Ystebø.

Vedtaket: Alver kommune v/landbrukskontoret gjev søkar Bjørnar Floen løyve til nydyrking på gbnr 499/9 i Alver kommunekommune.

- Dersom det kjem fram kulturminne må alt arbeid stogkast, og Vestland fylkeskommune varslast (telefon 55 23 90 00). - Viss tiltaket ikkje er iverksatt innan 3 år frå motteke brev fell løyvet vekk.

Mynde :

Saka er handsama etter delegert mynde frå Rådmannen.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med vennleg helsing
Alver kommune

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart nydyrking
Landbrukssak Gbnr 499/9 Ystebø - Søknad om nydyrking
Uttale søknad om nydyrking - gbnr 499/3 og 9 Ystebø

Mottakarar:

Bjørnar Floen

5939

SLETTA